



Brannen var like ved eit bustadområde på Sunde. (Foto: Ivar Vaage, Kvinnheringen)

**Branntroppen i Uskedalen har i helga delteke i to brannutrykningar med lukkeleg utgang, ein til Ljosneslia og ein til Sunde.**

Den første utrykninga var ved sjutida laurdag morgon, då ein bilist melde frå om at det brann inntil riksvegen i Ljosneslia.

Uskedalstroppen rykka ut med åtte mann, men då dei kom til staden hadde meldaren sjølv klart å sløkka brannen før den hadde klart å gripa skikkeleg om seg.

- Det var ei lukke at denne brannen vart oppdaga så tidleg, for ellers kunne heile lia ha vore truga, seier brannmeister Kjell Tungesvik til uskedalen.no

Når det gjeld årsaka til brannen trur ein at den skuldast at ein bilist kasta ein brennande sigarett i vegkanten.

Til Sunde rykka ni mann frå branntroppen ut ved sju-tida sundag morgon. Då hadde eit tre rotvelta i den sterke vinden og falle over ei høgspenline. Gnister frå lina utløyste ein brann. Ettersom det brann friskt i turt gras og buskar tett inntil eit bustadområde fann branntroppen frå Husnes det tryggast å kalla inn også troppen i Uskedalen. Det var då usikkert kva omfang brannen ville få.

Men då uskedalingane kom til staden, hadde Husnestroppen stort sett gjort jobben.

Snart kom også Kvinnherad Energis folk og fekk reparert lina slik at folk fekk att straumen.

Av Ola Matti Mathisen